



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
88/12	Formannskapet	19.06.2012
49/12	Kommunestyret	26.06.2012

## **Forslag til vedtekter for kommunalt fond for opphjelp av fisk/vilt og friluftsliv**

### **Vedlegg:**

Forslag til vedtekter.

### **Saksframlegg:**

Glommen og Lågens Brukseigarforening fikk i kongeleg resolusjon av 12. desember 2008 fornya løyve til regulering av magasina i Vinstra elv. I post 7, punkt V i dei nye konsesjonsvilkåra kjem det fram at konsesjonæren plikter å innbetale eit eingongsbeløp til råka kommunar på kr. 6 000 000,-. Vågå kommune vart tilkjend eit eingongsbeløp på kr. 500 000,- til opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv. Eingongsbeløpet står ubrukt på ein konto i påvente av at det skal utformast vedtekter for bruken av pengane. Forslag til vedtekter ligg vedlagt.

### **Vurdering:**

Eingongsbeløpet som kommunen fikk løyvd er ein kompensasjon for dei ulempene reguleringa av Vinstravassdraget fører med seg. Det er Nedre Heimdalsvatnet som ligg innanfor Vinstravassdraget og det er difor berre ein liten del av Vågå kommune som har dei direkte ulempene med vassdragsreguleringa. Det er ingen restriksjonar på kor pengane kan nyttast innanfor kommunen så lenge dei blir brukt til opphjelp for fisk/vilt og friluftsliv. Det er difor i vedtektene lagt opp til at fondet skal kunne nyttast i heile kommunen, men berre til investeringstiltak. Tiltak som vil auke friluftstilbodet for allmenta i kommunen er prioritert.

Miljøverndepartementet gir ymse former for stønad og tilskot som går på tilskot til naturforvaltningstiltak, viltformål og friluftsliv. Søknadsfristen for desse ordningane er 15. januar og rådmannen ser det som naturleg at søknadsfristen følgjer desse ordningane, da det kan vere naturleg for søkjar å søkje på desse tilskotsordningane samstundes. Det vil vere naturleg å vise til dei statlege tilskotsmidlane og legge ein link til desse når det blir informert om den kommunale tilskotsordninga på heimesida.

### **Rådmannens innstilling:**

Formannskapet/Kommunestyret slutter seg til dei vurderingar som er gjort i saksframstillinga. Forslag til vedteker for kommunalt fond for opphjelp av fisk/vilt og friluftsliv blir vedteke.

**Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Formannskapet/Kommunestyret slutter seg til dei vurderingar som er gjort i saksframstillinga. Forslag til vedteker for kommunalt fond for opphjelp av fisk/vilt og friluftsliv blir vedteke.

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 26.06.2012****Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Kommunestyret slutter seg til dei vurderingar som er gjort i saksframstillinga. Forslag til vedteker for kommunalt fond for opphjelp av fisk/vilt og friluftsliv blir vedteke.